

SULA KOMMUNE

# FOLKEHELSEOVERSIKT 2024

## OVERSIKT OVER HELSETILSTAND OG PÅVERKNADSFAKTORAR I SULA KOMMUNE

## Innhald


Innleiing ........ 2
Befolkningssamansetning ........ 3
Oppvekst- og levekårsforhold ........ 6
Helserelatert åtferd ........ 14
Helsetilstand ........ 19
Skader og ulukker ........ 24
Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø ........ 25
Sosial skilnad i helse ........ 27
Innbyggjarmedverknad ........ 27
Kjelder ........ 28

# Innleiing

Folkehelselova og forskrift om oversikt over folkehelsa krev at kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på helsetilstanden.

Kvart fjerde år skal det utarbeidast ei skriftleg helseoversikt, som skal bygge på informasjon frå statlege helsemyndigheiter og fylkeskommunen, kunnskap frå dei kommunale helse- og omsorgstenestene, samt kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn.

I Sula kommune har kommunedirektør og kommunedirektøren si leiargruppe gitt ei arbeidsgruppe mandat til å utforme helseoversikta. Arbeidsgruppa har bestått av einingsleiar for kultur, einingsleiar for helse, samfunnsplanleggar, kommuneoverlege, kommunepsykolog, Utekontakt og folkehelsekoordinator.

Helsedirektoratet har i rettleiaren «Systematisk folkehelsearbeid» lagt føringar for korleis ein går fram for å lage helseoversikta. Arbeidsgruppa har i arbeidet med helseoversikta brukt denne rettleiaren som rettesnor, samstundes som vi har tatt utgangspunkt i oversikta frå 2021.



(Telemark fylkeskommunes oversiktsdokument 2016)

Som figuren synar skal kommunen si befolkning og befolkningssamansetning vere utgangspunkt for å vurdere anna informasjon. Oppvekst- og levekårsforhold, helserelatert adferd, fysisk og sosialt miljø er alle eksempel på faktorar som er med på å påverke helsesituasjonen.

Tala i denne oversikta er hovudsakleg basert på det som var tilgjengeleg per **1.1.2024,** det blei vurdert at Ungdata-resultatet frå våren 2024 og skulle med i denne oversikta. Manglande oppdatering av statistikk frå sentralt hald gjer at nokre av tala er av litt eldre dato. Folkehelseundersøkinga blei gjennomført for første gong i Møre og Romsdal i februar 2021 og 25 000 innbyggarar svara på undersøkinga, 732 frå Sula. Deltakarane blei mellom anna spurt om tilgjenge til tenester, fysisk og psykisk helse, helserelatert åtferd, sosialt miljø og livskvalitet, og det er berre for vaksne over 18 år. Resultatet fins i ulike kapittel i oversikta.

Kortversjonen av folkehelseoversikta oppsumerar dei viktigaste utviklingstrekka for Sula i 2024 og korleis dei heng saman med folkehelse: Folkehelseoversikt-kortversjon

# Befolkningssamansetning

Med befolkningssamansetning meinar ein datagrunnlaget om befolkninga som kan omfatte tal på innbyggarar, fordeling av alder og kjønn, sivilstatus, etnisitet, flyttemønster og liknande. Denne typen informasjon er viktig i vurderinga av øvrig informasjon, men kan og vere vesentleg i seg sjølv som ein del av utfordringsbilete for folkehelsa i kommunen/fylket. Ikkje minst vil befolkningssamansetninga kunne påverke strategiske vegval, som inkluderar folkehelse. (Helsedirektoratet)

## Hovudtrekk

- Det er forventa ein vekst i folketalet i Sula framover mot 2050
- Det blir fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder
- Det er ei auke i tal på aleinebuande og par utan heimebuande barn
- 12,6 prosent av befolkninga har innvandrarbakgrunn. I hovudsak er det arbeid som er den største innvandringsgrunnen.

## Folketalsutvikling

Ved inngangen til 2024 var det 9 720 innbyggarar i Sula. Folketalet dei siste 10 åra frå 2013 til 2023 har stige med 14,8 prosent, og har med det vore det nest største prosentvise aukinga i befolkninga i fylket. Basert på befolkningsprognosar frå SSB er det forventa ein vekst i folketalet i Sula framover mot 2050. Dette gjeld både berekning av hovud-, lav- og høgalternativet til SSB.




Det er fleire forhald som påverkar folketalet: fødslar, innanlands til- og fråflytting og innvandring. Framskriving av barnetal og fødslar er den mest usikre prognosen ein har i skildring av demografi i ein kommune. Fødselstalet er avhengig av mange faktorar der arbeidsmarknaden og tilrettelegging av bustadbygging er sentrale.

## Folketalsframskriving og levealder

Samansetninga av befolkninga når det gjeld aldersfordeling er for Sula i stor grad som for resten av landet. Låge fødselstal, særleg det siste tiåret, er med på å forsterke endringane i befolkningssamansetninga når det gjeld aldersfordeling. Dei store fødselskulla etter 2. verdskrig og utover 50-talet har blitt pensjonistar og vil innan få år passere 80 år.

| Folketalsframskrivinga i Sula fordelt på aldersgrupper, basert på folketalet ved januar 2024 | | | |
|---|---|---|---|
| | 2024 | 2034 | 2044 |
| 0-5 år | 671 | 30 | 61 |
| 6-15 år | 1411 | -210 | -129 |
| 16-19 år | 505 | 34 | -41 |
| 20-66 år | 5697 | 483 | 505 |
| 67-79 år | 1086 | 139 | 367 |
| 80 år eller eldre | 415 | 253 | 509 |
| Sum | 9785 | 729 | 1272 |

| Forventa levealder i Sula | | | |
|---|---|---|---|
| | 2023 | 2033 | 2038 |
| Menn | 83,2 | 85,3 | 86,2 |
| Kvinner | 85,5 | 87,3 | 88,1 |

Samanlikna med resten av fylket har Sula i dag den lågaste del innbyggarar over 80 år med 4,2 prosent samanlikna med resten av fylket som ligg på 5,2 prosent. Likevel vil det vere ei auke i den eldste aldersgruppa dei komande åra. Samstundes aukar forventa levealder for både kvinner og menn noko.

## Fødslar

2022 vart eit år med historisk låge fødselstal, både nasjonalt og regionalt. Som følgje av høg dødelegheit og få fødslar var det i 2022 for første gong i nyare tid fødselsunderskot i fylket. Det vil seie at det døde fleire personar enn det vart født. For Sula er det framleis fødselsoverskot.

| Fødslar i Sula | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tal fødde | 101 | 97 | 94 | 95 |
| Fødselsoverskot | 38 | 31 | 22 | 31 |

## Personar i yrkesaktiv alder

Talet på personar i yrkesaktiv alder (20-64 år) per eldre over 65 år vil dei komande åra bli sterkt redusert. I 2003 var det i Sula kommune 3,7 personar i yrkesaktiv alder per eldre over 65 år. I 2023 er dette redusert til 3,2. I følgje framskrivingane til SSB vil dette reduserast ytterlegare. I 2038 vil det vere 2,5 personar i yrkesaktiv alder per eldre over 65 år. Det same talet for fylket vil vere 2,0 og for landet under eitt vil det vere 2,3 personar.
Dette vil påverke fleire av kommunen sine tilbod og tenester, til dømes innan helse, pleie og omsorg, kultur- og fritidsaktivitetar og økonomi. Utviklinga vil også få konsekvensar for kommunen sin bustadpolitikk.

## Flyttemønster

Det er fleire som flyttar inn til kommunen enn ut av kommunen. I 2022 var nettoflyttinga på 68 personar, kor det var 34 innanlandsk og 34 utanlandsk tilflytting. Dette utgjer 0,7 prosent av befolkninga. Største netto tilflyttinga har vore frå Ålesund.

## Innvandring

I 2023 utgjer innvandrarbefolkninga 14,7 prosent av befolkninga i Sula. Dette er ei auke frå 8,8 prosent sidan 2013. Den største delen av innvandrarane kjem frå Polen, dernest Litauen.

Innvandrarar til Sula etter land (10 største land):




Arbeid den største innvandringsgrunnen for innvandrarar i Sula (41 % i 2023).




## Åleinebuande

Talet på åleinebuande i Sula kommune aukar noko. Dette er ein trend i heile landet. På landsbasis er einsemd eit aukande folkehelseprofil, noko som kan sjåast i samanheng med tal på åleinebuande. (SSB) Andel åleinebuande har i same periode auka frå 20 til 22 prosent, som er under fylket (25 %) og landet (27 %) i 2023. (Kommunehelsa)




| **Status: Befolkningssamansetning** | | **Mogleg årsak** | **Mogleg konsekvens** |
|---|---|---|---|
| Befolkningssamansetning | | | Endra befolkningssamansetning vil føre til endra tenestebehov og kommunen må tilpasse tenestene der endringane kjem. |

# Oppvekst- og levekårsforhold

Oppvekst og levekår er viktige premiss for helse og livskvalitet. Oppvekst og levekårsforhold er t.d. økonomiske vilkår, bu- og arbeidsforhold og utdanningsforhold. Levekår definerast i eit samspel mellom individuelle faktorar og ressursar, og dei moglegheiter ein har til å realisere desse på arena som t.d. skule og arbeid. (Helsedirektoratet)

## Hovudtrekk

- Tal på personar og barn som lever i vedvarande låginntektsfamiliar ligg noko lågare enn fylket og landet.
- Auke i mottakarar av uføreytelsar i alderen 18-44 år.
- Resultat frå elevundersøkinga og ungdata viser på at elevane får god støtte frå lærarar, men også heimanfrå.
- Resultat frå elevundersøkinga og ungdata viser at trivselen er høg, men har gått noko ned dei siste åra. Redusert er også motivasjon og meistring
- Resultat frå elevundersøkinga og ungdata viser at det er høg grad av mobbing, også digital mobbing, i Sula. Vi ligg godt over landssnittet.
- 16,5 prosent av innbyggarar som er i yrkesaktiv alder står utanfor arbeidslivet.

## Barnehagar

Sula kommune har ni barnehagar. Av desse er det fire kommunale barnehagar, fire private og éin open barnehage som driftast av Røde Kors. Barnehagane er godt spreidd omkring på heile Sula, som gir kort veg for dei fleste barna. Full barnehagedekning. Det er per 2023 5,9 barn per årsverk grunnbemanning.

| Andel barn i barnehage 1-5 år (Kostra, SSB) | | | |
|---|---|---|---|
| % | Sula | M&R | Noreg |
| 2017 | 95,1 | 92,4, | 91,3 |
| 2019 | 98,4 | 93,7 | 92,1 |
| 2021 | 98,0 | 95,4 | 93,4 |
| 2023 | 98,9 | 95,6 | 93,8 |

## Skular/ vaksenopplæring

Sula kommune har fire grunnskular. Tre barneskular (1. – 7. trinn) og éin ungdomsskule (8. – 10. trinn). Alle skulane er kommunale. Skulefritidsordning er eit frivillig tilbod for elevane i 1. – 4. klasse, og for barn med nedsett funksjonsevne til og med 7. klasse. SFO har gratis kjernetid (12 timar per veke) for 1.-2. klassingar (tom. 3. klasse frå haust 2024).

Sula kommune har samarbeid med Ålesund kommune når det gjeld norskopplæring for innvandrarar og grunnskuleopplæring for vaksne. Sula har eige tilbod om vaksenopplæring for dei med skade og afasi.

## Mobbing

Kommentarar på mobbing kjem i tabellen side 13.




Elevundersøking. I perioden 2017-19 var andelen på 10. trinn for lave til å bli publisert.

Digital mobbing




2021/22 Tall som er unntatt offentlighet/skjermet. Ofte lave tal.

## Fråfall i vidaregåande skule

Gjennomføring vidaregåande etter heimkommune (alle utdanningsprogram)

2015-kullet




2016-kullet




(Kommunestatistikk)

Det kan sjå ut til å vere ei positiv utvikling, men ein må følgje utviklinga over lengre tid. Samanhengane mellom utdanningsnivå, materielle levekår og helse er vel dokumenterte. Dei som ikkje fullførar ungdomsskule og vidaregåande utdanning er i auka grad utsett for levekårs- og helseproblem.

## Helsestasjon- og skulehelseteneste

Helsestasjons -og skulehelsetenesta i Sula har helsestasjon i Langevåg sentrum, skulehelseteneste på alle skulane i kommuna og helsestasjon for ungdom (HFU). Tenesta har jordmor, ni helsesjukepleiarar, der ei stilling er dedikert til migrasjonshelse, spesial-vernepleiar som arbeider med rus og psykisk helse for ungdom i tillegg til merkantil og ei stilling som tiltakskoordinator som koordinerar ulike lavterskeltilbod. Det er legeressurs knytta til småbarn, skulebarn og til HFU og flyktningar.

## Bustad







Sula er ein liten kommune i areal, og over 94 % av bustadane ligg innafor det som er definert som tettbygd strøk. Framleis er delen av einebustadar høg.
Endringane i familiestrukturen vil føre til endra behov for bustadtypar mot mindre husvære. Det er også ein trend der fleire vil etablere seg sentrumsnært, nær helsetilbod, butikkar m.m. (Kommunestatistikk)

## Arbeid

### Arbeidsplassdekning og pendling

Arbeidsplassdekning er talet på arbeidsplassar (sysselsette etter arbeidsstad) i prosent av talet på arbeidstakarar (sysselsette etter bustad) i eit område, for eksempel i ein kommune. I 2022 var det fire kommunar med arbeidsplassdekning under 70 % i Møre og Romsdal: Giske, Gjemnes, Hustadvika og Sula.

## Arbeidsplassdekning, Møre og Romsdal per 4. kvartal 2022




## Pendling til- og frå Sula, hovudstraumar, sortert etter utpendling, topp 15 kommunar, per 4. kvartal 2022




| | Ålesund | Oslo kommune | Bergen | Molde | Sykkylven | Giske | Ulstein | Trondheim | Hareid | Herøy (Møre og Romsdal) | Stranda | Ørsta | Stavanger | Sokkelen sør for 62° N | Sola | Vestnes |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Sula Utpendling | -2324 | -76 | -63 | -41 | -37 | -34 | -32 | -28 | -27 | -26 | -24 | -14 | -13 | -13 | -12 | -11 |
| Sula Innpendling | 868 | 15 | 9 | 6 | 12 | 41 | 17 | 8 | 21 | 6 | 1 | 36 | 1 | 0 | 0 | 11 |

I 2018 pendla 1991 personar dagleg til Ålesund. Tilsvarande pendla 774 personar inn til kommunen frå Ålesund. (Kommunestatistikk)

**Personar i og utafor arbeid**




16,5 % av alle 20-66 år, 900 personar har berre trygd eller ingenting per des. 2022. «Ingenting» er dei som er utanfor arbeid, utdanning eller opplæring, til dømes dei som får sosialstønad. (NAV-lokale tal).
Eksempel på konsekvensar for kommunen ved at mange står utanfor arbeid er at det vert ytterlegare mangel på arbeidskraft sett opp mot behovet. Ein kan og forvente større utgifter til kommunale ytingar da dei som står utanfor arbeidslivet statistisk sett nyttar fleire tenester. Arbeid er helseframmande (i et helseframmande arbeidsforhold).

# Økonomi

**Inntekt**

Færre hushald i Sula enn i Møre og Romsdal og landet samla kjem i kategorien lavinntektshushald. Slik er utviklinga for andelen av barna i Sula som bor i hushald med låg inntekt:

Vedvarende lavinntekt, husholdninger (inndeling per 1.1.2024) − EU 60, andel (prosent) (Kommunehelsa)

| År | | 2015-2017 | 2016-2018 | 2017-2019 | 2018-2020 | 2019-2021 | 2020-2022 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Geografi | Alder | | | | | | |
| Hele landet | 0-17 år | 11,0 | 11,5 | 11,9 | 11,9 | 11,5 | 10,9 |
| Møre og Romsdal | 0-17 år | 8,5 | 9,0 | 9,4 | 9,3 | 8,7 | 8,6 |
| Sula | 0-17 år | 7,0 | 7,6 | 7,0 | 6,5 | 5,7 | 6,9 |

## Inntektsulikhet – *P90/P10*

| År | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Geografi | | | | | | | |
| Hele landet | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 2,8 |
| Møre og Romsdal | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,6 |
| Sula | 2,4 | 2,4 | 2,4 | 2,5 | 2,4 | 2,4 | 2,4 |

Ulikheit i inntekt: Om man sorterer 100 personar stigande etter inntekt, er P90/P10 forholdet mellom inntektene til person nummer 90 (den tiande høgste) og person nummer 10 (den tiande lågaste). Det er mindre skilnad mellom dei med høg og låg inntekt i Sula enn fylket og landet, denne skilnaden har vore stabil fra 2015- 2021. (Kommunehelsa)

Median inntekt (hushaldningar) (B) (Kommunehelsa)




Samstundes med at barn som bor i hushald med låg inntekt aukar, så aukar også median inntekt for hushaldningar i Sula, som ligg over både landet og fylket vårt sitt nivå.

Folkehelseundersøkinga 2021 viser at 20,3 % i Sula har økonomiske vanskar, dette er over snittet samanlikna med fylket og er sjølvrapporterte tal.

**Ytingar**
Tal på mottakarar av stønad til livsopphold (20-66 år) har vore stabilt på ca. 16 % dei siste 10 åra fram til 2021, som er ein prosent lågare enn fylket og landet. (Kommunehelsa)

Mottakarar av uføreytingar (per 1.1.2024) − kjønn samla, 18-44 år, varig uførepensjon, andel (prosent), (Kommunehelsa)

| År | 2016-2018 | 2018-2020 | 2020-2022 |
|---|---|---|---|
| Geografi | | | |
| Hele landet | 2,9 | 3,5 | 4,0 |
| Møre og Romsdal | 2,8 | 3,3 | 3,8 |
| Sula | 2,0 | 2,6 | 3,5 |

# Utanforskap

Unge utanfor arbeid, utdanning og opplæring (inndeling per 1.1.2024, prosent), (Kommunehelsa)

| År | | 2018 | 2020 | 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Geografi | Alder | | | |
| Hele landet | 15-29 år | 10,6 | 10,8 | 9,5 |
| Møre og Romsdal | 15-29 år | 10,1 | 9,7 | 8,8 |
| Sula | 15-29 år | 9,5 | 9,8 | 8,3 |

Det er færre unge i Sula som står utafor arbeid samanlikna med fylket og landet, og talet er minkande frå 2018 til 2022.

# Utdanningsnivå

Utdanningsnivået til befolkninga i Sula




| | Grunnskolenivå | Videregående skolenivå | Fagskolenivå | Universitets- og høgskolenivå, kort | Universitets- og høgskolenivå, lang |
|---|---|---|---|---|---|
| 2004 Menn | 34,4 | 48,5 | 0,0 | 14,4 | 2,7 |
| 2004 Kvinner | 36,8 | 43,9 | 0,0 | 18,3 | 0,9 |
| 2022 Menn | 26,2 | 44,3 | 7,0 | 17,9 | 4,6 |
| 2022 Kvinner | 25,0 | 35,5 | 2,4 | 32,0 | 5,2 |

*Befolkninga er her rekna som dei som er 16 år og eldre, i.e. etter grunnskule. Fagskule er inkludert i vidaregåande skule fram til 2016.

Ungdom som ikkje er i arbeid, utdanning eller arbeidsmarknadstiltak(NEET) har dei siste 12 åra variert mellom 110-165 personar årleg, utan ein klar tendens til å auke eller å minke. (Kommunesatistikk 2023)

<table>
<tr><th colspan="2">Status: Oppvekst- og levekårsforhold</th><th>Mogleg årsak</th><th>Mogleg konsekvens</th></tr>
<tr><td>Barnevernstiltak<br>Andel barn 0-17 år med barnevernstiltak i prosent av alle barn 0-17 år<br>(Kommunehelsa)</td><td><table><tr><th></th><th>Sula</th><th>M&R</th><th>Noreg</th></tr><tr><td>2016</td><td>5,7</td><td>4,5</td><td>4,2</td></tr><tr><td>2017</td><td>5,8</td><td>4,7</td><td>4,3</td></tr><tr><td>2018</td><td>5,1</td><td>4,7</td><td>4,3</td></tr><tr><td>2019</td><td>4,9</td><td>4,6</td><td>4,2</td></tr><tr><td>2020</td><td>5,0</td><td>4,4</td><td>4,1</td></tr><tr><td>2021</td><td>4,4</td><td>4,0</td><td>3,9</td></tr><tr><td>2022</td><td>3,4</td><td>3,6</td><td>3,5</td></tr></table></td><td>Sula kommune har over år jobba med å etablere lågterskeltilbod til barn, unge og familiar. Dette har gitt betre tilgang til hjelp og oppfølging også utanfor barnevernet. Det har truleg bidratt til at langt færre er i kontakt med barnevernstenesta.</td><td>Barnehagane og helsestasjonen sender i liten grad bekymringsmelding til barnevernet. Det kan tyde på at det blir jobba godt i einingane, og at tiltak er tilstrekkeleg i det ytre barnevernet, men det kan også vere for høg terskel for å sende bekymringsmelding.</td></tr>
<tr><td>Antal barn som fekk innvilga søkand om redusert foreldrebetaling/ gratis kjernetid i barnehagen<br>(Lokale tal)</td><td>2020/21: 69<br>2021/22: 78<br>2022/23: 58</td><td>Prisen på barnehageplass går stadig ned og da har færre rett til redusert foreldrebetaling</td><td>Ordninga tilrettelegg for økt barnehagebruk og å bedre økonomien til økonomisk utsatte familier.</td></tr>
<tr><td colspan="2">Status: Oppvekst- og levekårsforhold</td><td>Mogleg årsak</td><td>Mogleg konsekvens</td></tr>
<tr><td>Andel barn (prosent) som får spesialpedagogisk hjelp i forhold til alle barn i kommunale barnehager (Kostra)</td><td><table><tr><th></th><th>Sula</th><th>M&R</th><th>Noreg</th></tr><tr><td>2019</td><td>8,0</td><td>4,5</td><td>3,9</td></tr><tr><td>2020</td><td>7,1</td><td>4,8</td><td>4,0</td></tr><tr><td>2021</td><td>9,1</td><td>4,7</td><td>4,2</td></tr><tr><td>2022</td><td>6,5</td><td>4,6</td><td>4,1</td></tr><tr><td>2023</td><td>4,3</td><td>4,5</td><td>4,0</td></tr></table></td><td>Sula har over år hatt høgt antal barn med vedtak om spes.ped hjelp. Frå 2022 til 2023 er det ein markant nedgang. Sula er BTI-kommune (betre tverrfagleg innsats) og frå</td><td>Ved å jobbe strukturert med tidleg innsats vil spesesialpedagogane ha kapasitet til å rettleie og styrke kompetansen til tilsette nær barna. Slik vil barn få rett hjelp</td></tr>
</table>

<table>
<tr><td></td><td></td><td>2018 har ein jobba målretta med tidleg innsats i barnehage, som inkludere større krav til arbeid og dokumentasjon av arbeid før eventuell tilvising til ppt. Spesialpedagogar med ledig kapasitet til å støtte og rettleie har truleg også positiv effekt. Dette ser ein frå andre kommunar.</td><td>i sitt naturlege miljø av pedagogisk personale i barnehagen.</td></tr>
<tr><td>Gjennomføring i videregåande opplæring etter foreldra sitt utdanningsnivå (B) − kjønn samlet, andel (prosent), standardisert (Kommunehelsa)</td><td><table>
<tr><th>2020-2022</th><th>Sula</th><th>M&R</th><th>Noreg</th></tr>
<tr><td>Totalt</td><td>84</td><td>82</td><td>80</td></tr>
<tr><td>Gr.skule</td><td>63</td><td>60</td><td>60</td></tr>
<tr><td>Vgs</td><td>80</td><td>80</td><td>77</td></tr>
<tr><td>Uni/h.sk</td><td>92</td><td>89</td><td>88</td></tr>
</table></td><td>Sula kommune har hatt tilsett ungdomslos frå 2020 og det kan vere ein medverkande årsak til at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring.</td><td>Fullført og bestått vidaregåande opplæring er ei av de viktigaste forutsetningane for å ta del i arbeids- og samfunnslivet, samt unngå utanforskap i samfunnet vi har i dag og framtida. Utdanning og kvalifisering er ein viktig faktor for integrering.</td></tr>
<tr><td colspan="2">Status: Oppvekst- og levekårsforhold</td><td>Mogleg årsak</td><td>Mogleg konsekvens</td></tr>
<tr><td>Mobbing<br><br>Elevundersøking:<br>7. & 10. trinn<br>Andel mobba av medelevar, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 ganger i månaden eller oftare. (Utdanningsdirektoratet)<br><br>I Sula deltek 6.-10. kl. kvart år i denne undersøkinga, 7. og 10. klasse er her eit utval.<br><br>Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som blir mobba minst kvar 14. dag (Ungdata 2024)</td><td><table>
<tr><th>Tal i prosent</th><th>Sula</th><th>M&R</th><th>Nor</th></tr>
<tr><td>7. trinn</td><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>Mobbing (2019-20)<br>Mobbing (2023-24)</td><td>4,6<br>15,4</td><td>5,9<br>12,0</td><td>7,1<br>12,8</td></tr>
<tr><td></td><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>10. trinn</td><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>Mobbing (2019-20)<br>Mobbing (2023-24)</td><td>7,5<br>17,3</td><td>5,7<br>11,4</td><td>6,6<br>10,9</td></tr>
</table><br><table>
<tr><td>Sula 2015</td><td>6 %</td></tr>
<tr><td>Sula 2021</td><td>9 %</td></tr>
<tr><td>Sula 2024</td><td>11 %</td></tr>
<tr><td>M&R 2024</td><td>10 %</td></tr>
<tr><td>Noreg 2024</td><td>8 %</td></tr>
</table></td><td>Andel som rapporterer at dei opplever mobbing har auka dramatisk for landet, og det same gjeld for Sula.<br><br>Det er særleg to typar mobbing som går att på ungd.skulen:<br>1.Nokre få enkeltelevar med ulike utfordringar knytt til åtferd som har ein veremåte som mange elevar opplever som trugande og trakasserande.<br>2.«roastekultur» der elevar i same vennegjeng sårar kvarandre med røff språkbruk utan å meine vondt med det, men likevel at mange opplever at grensene for kva som er ok vert kryssa.</td><td rowspan="2">Auka risiko for utanforskap, fysisk og psykisk uhelse, dårlegare trivsel og meistring i skulen kan få negative konsekvennsar for vidare skulegang og arbeid.</td></tr>
<tr><td>Trivsel og meistring i skulen<br><br>Elevundersøking:<br>2019-20 og 2023-24<br>Skala 1 -5 (max)<br>(Utdanningsdirektoratet)</td><td><table>
<tr><th>Tal i prosent</th><th>Sula</th><th>M&R</th><th>Nor</th></tr>
<tr><td>7. trinn</td><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>Trivsel (2019-20)<br>Trivsel (2023-24)</td><td>4,3<br>4.1</td><td>4,2<br>4,0</td><td>4,3<br>4,0</td></tr>
<tr><td>Meistring (2019-20)<br>Meistring (2023-24)</td><td>3,9<br>3,8</td><td>4,0<br>3,8</td><td>4,0<br>3,9</td></tr>
<tr><td></td><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>10. trinn</td><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>Trivsel (2019-20)<br>Trivsel (2023-24)</td><td>4,2<br>3,7</td><td>4,2<br>3,9</td><td>4,1<br>4,0</td></tr>
<tr><td>Meistring (2019-20)<br>Meistring (2023-24)</td><td>3,8<br>3,5</td><td>3,9<br>3,8</td><td>3,9<br>3,8</td></tr>
</table></td><td>Her fyl barneskulane trendane nasjonalt og regionalt, men ungdomsskulen har hatt noko større reduksjon i resultata enn det som har vore nasjonalt og regionalt.<br>Erfaringane og noko av forklaringa er knytt til endringar i ungdomskulturen etter COVID-19. Vi har mist noko av den viktige</td></tr>
</table>

<table>
<tr><td></td><td></td><td>modelleringa dei eldre trinna har hatt for dei yngre og fleire viktige trivselstiltak (labbedans o.l.) har hatt svært låg oppslutning. Dette var tiltak som tidelegare var veldig populære som viktige for trivsel og miljø.</td><td></td></tr>
<tr><td colspan="2">Status: Oppvekst- og levekårsforhold</td><td>Mogleg årsak</td><td>Mogleg konsekvens</td></tr>
<tr><td>Grunnskulepoeng, gj.snitt i trinn 10. (Utdanningsdirektoratet)</td><td><table>
<tr><td></td><td>Sula</td><td>M&R</td><td>Noreg</td></tr>
<tr><td>2018-19</td><td>42,8</td><td>42,0</td><td>42,0</td></tr>
<tr><td>2022-23</td><td>42,2</td><td>42,1</td><td>42,4</td></tr>
</table></td><td rowspan="2">Skulane i Sula totalt sett held høg kvalitet trass i svært stramme økonomiske rammer samanlikna med samanliknbare kommunar.</td><td rowspan="2">Godt utgangspunkt for vidare utdanning og arbeid.</td></tr>
<tr><td>Lese- og rekneferdigheiter Nasjonale prøver, gjennomsnitt av elevane sine skalapoeng, 50 er gjennomsnittet nasjonalt i 2022. (Utdanningsdirektoratet)</td><td><table>
<tr><td>2023-24</td><td>Sula</td><td>M&R</td><td>Noreg</td></tr>
<tr><td>5. trinn</td><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>Engelsk</td><td>51</td><td>50</td><td>50</td></tr>
<tr><td>Lesing</td><td>47</td><td>48</td><td>49</td></tr>
<tr><td>Rekning</td><td>50</td><td>50</td><td>50</td></tr>
<tr><td></td><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>8. trinn</td><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>Engelsk</td><td>49</td><td>49</td><td>50</td></tr>
<tr><td>Lesing</td><td>46</td><td>48</td><td>49</td></tr>
<tr><td>Rekning</td><td>49</td><td>49</td><td>49</td></tr>
</table>På lesing ligg Sula 1-3 % lågare enn fylket og landet.</td></tr>
</table>

# Helserelatert åtferd

Med helserelatert åtferd meinast helseåtferd som har vist seg å ha verknad på eit helseutfall. Dette kan til dømes vere fysisk aktivitet, ernæring og bruk av tobakk og rusmiddel. Helserelatert åtferd kan også omfatte seksualåtferd og risikoåtferd som kan føre til skader og ulukker. (Helsedirektoratet.)

Fysisk aktivitet har vel dokumentert verknad for helse. Auka stillesitting er ei aukande årsak til negativ helseutvikling. Helsedirektoratet anbefaler barn og unge minimum 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag. Vaksne og eldre bør vere fysisk aktive i minst 150 minutt med moderat intensitet pr. veke. Enkle tiltak kan ha stor effekt.

## Hovudtrekk

- Ein stor andel barn og unge med overvekt eller fedme.
- Nesten 1/5 av innbyggarane har fedme
- 90 % av ungdomane trener minst ein gong i veka
- Blant vaksne er det berre 1 av 4 som tilfredsstiller minimumsanbefalingane for fysisk aktivitet
- 74 % av ungdomane trener på eiga hand, 57 % er med i eit idrettslag.
- 12 % av ungdomane har vore rusa på alkohol siste året.
- 20 % av ungdomane har fått tilbod om hasj/ marihuana siste året, dette er ei auke. 5% har brukt det.
- Barn og ungdom har høg skjermbruk på fritida, og samanlikna med landet.

## Overvekt




Grunna mangel på statistikk har vi ikkje oversikt over utviklinga på 3. trinn dei siste 2 åra. Den bratte stigninga ser ut til å ha jamna seg litt ut for overvekt/fedme på 8. trinn. Dette er lokale tal basert på veging og måling gjort av helsesjukepleiarar på skulane, vi har ikkje tal frå fylket og landet å samanlikne med.

## Fritidsaktivitetar for barn og unge

Aktivitetstilskot/kontantkassa for deltaking i organiserte fritidstilbod for barn og unge i Sula
Tal på barn som organisasjonane har søkt tilskot for (lokale tal)
*pandemiår med strenge restriksjonar

| 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020* | 2021* | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | 16 | 24 | 56 | 25 | 54 | 73 | 93 |

Ordninga med aktivitetstilskot starta opp i 2016. Det tok tid før ordninga vart kjent blant organisasjonar og føresette, det er derfor vanskeleg ut i frå desse tala å måle behovet for ordninga dei første åra.

## Fysisk aktivitet

**Idrett:** medlemstala i idrettslag på Sula har ei jamn stigning.
(Møre og Romsdal idrettskrets, 2023)






**Stikk UT!** Sommarhalvåret 2023:

| | |
|---|---|
| Aktive brukarar i kommunen | 1611 |
| Registrering på turmål av innbyggarar på Sula | 56 137 |

StikkUT! er eit samarbeid mellom dei to friluftsråda i fylket, frivillige, idrettslag, grunneigarar, og blir leia av kvar kommune sin Stikk UT!-kontakt. Innbyggarar i Sula er ei turglad befolkning og er ivrige Stikk UT!-brukarar. Sommaren 2023 vart det gjort 56 137 registreringar. Dei fleste av desse er gjort på dei 15 turmåla i kommunen, men også i andre kommunar (stikkut.no).

**Ungdata 2024**. Del av elevane på ungdomstrinnet som trenar minst ein gong i veka:

| | |
|---|---|
| Sula 2015 | 81 % |
| Sula 2021 | 78 % |
| Sula 2024 | 90 % |
| M&R 2024 | 85 % |
| Noreg 2024 | 82 % |

10% er sjeldan/ aldri fysisk aktiv, same som i 2021, tilsvarande tal for fylket og landet er 9%

**Folkehelseundersøkinga 2021** viser at 21,9% av vaksne i Sula er i moderat fysisk aktivitet minst 30 minutt 4+ dagar i veka.

Samtaler under **«Førebyggande heimebesøk for 80-åringar»** viser at omkring 88% har middels til høgt aktivitetsnivå i 2021-22 noko som har auka dei siste åra. (Rehab.teneste/tiltakskontor – lokale tal).

## Kultur

**Kulturskule:** Sula kulturskule har rundt 250 elevplassar med følgande undervisningstilbod: instrument og song, visuelle kunstfag, teater.
Barn 6-15 år i kommunen sin kulturskule(prosent) (Kjelde: Framsikt, KOSTRA-funksjon 383)

| 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 19,7 | 17,4 | 15,2 | 14,8 | 13,6 | 14,5 | 14,1 | 13,7 |

Tabellen viser kor stor prosent av barn i grunnskulealder som er elevar i kulturskulen. I forhold til KOSTRA-gruppe 01 og kommunar i fylket ligg vi med ein relativt låg dekningsgrad.

**Kulturtilbodet**. Folkehelseundersøkinga viser at 60,4 prosent av folk i Sula opplev at kulturtilbodet er godt eller svært godt tilgjenge, noko som er litt under snittet i fylket på 67,5 prosent.

**Frivillig arbeid**. Folkehelseundersøkinga viser at 25,8 prosent deltar i organisert aktivitet /frivillig arbeid kvar veke. 50,3 prosent deltar i annan aktivitet kvar veke som til dømes klubb, møte, treffe vener, trimturar. Begge desse indikatorane er over snittet i fylket.

## Straffesaker. Utvikling i straffesaker siste 4 år, 2020-2023 (lokale tal frå politiet)

| Straffesaker Sula | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Narkotika bestittelse/ bruk | 33 | 18 | 17 | 7 |
| Narkotika overtredelse | 40 | 12 | 19 | 22 |
| Påvirka/ berusa køyring | 32 | 25 | 36 | 39 |

Grunna endring i politiet sine retningslinjer i mai 2022 har politiet sine mogleigheiter til å oppdage brukarar av narkotika før og etter mai 2022 vesentlig forskjellig målestokk, og dei kan ha mista ein del av "gratis" kilder til informasjon om grove narkotikalovbrudd.
I same tidsperiode har det vore eit uendra og konstant høgt fokus på rus/ alkoholpåvirka køyring.

<table>
<tr><th colspan="2">Status: Helserelatert åtferd</th><th>Mogleg årsak</th><th>Mogleg konsekvens</th></tr>
<tr><td>Overvekt<br><br>Andel ungdom med kroppsmasseindeks (KMI) over 25. Spørsmål ved nettbasert sesjon 1. (Kommunehelsa, Inndeling pr. 1.1.2024.)</td><td><table><tr><th>Tal i prosent</th><th>Sula</th><th>M&R</th><th>Noreg</th></tr><tr><td>2015-18</td><td>26</td><td>25</td><td>23</td></tr><tr><td>2017-20</td><td>25</td><td>25</td><td>22</td></tr><tr><td>2019-22</td><td>23</td><td>24</td><td>22</td></tr><tr><td>2020-23</td><td>23</td><td>24</td><td>22</td></tr></table><br>Overvekt og fedme ved 1. sesjon har gått noko ned og er omtrent på høgde med fylket og landet.</td><td rowspan="3">Overvekt i kommunen er ikkje statistisk signifikant høgre enn landet. Vi lev i eit stadig meir fedmedisponerande samfunn med lett tilgang på rimelege, energitette matvarer som inneheld mykje fett og sukker. Inaktivitet og lavt fysisk aktivitetsnivå er viktige delårsakar. Totalt kan auka i andelen med fedme og overvekt oppsummerast å vere ein kombinasjon av arveleg disposisjon, eit fedmedisponerande samfunn og personlege livsstilsvalg den enkelte tar.</td><td rowspan="3">Fedme og overvekt er kjent for å vere risikofaktor for muskel- og skjelettlidingar, enkelte krefttypar, nedsett funksjonsevne og -fysisk kapasitet, søvnapné, halsbrann, angst og depresjon, sosial isolasjon og nedsett livskvalitet. Det aukar og risikoen for høgt blodtrykk, diabetes type 2, høgt kolesterol og infertilitet.<br><br>Ved svangerskap er der ei auka risiko for både mor og barn. Der er auka risiko for død av hjerte- og karsjukdom, diabetes type 2, nyresjukdommar og overvektsrelaterte kreftsjukdommar (kolon, bryst, spiserør, livmor, eggstokk, nyre og bukspyttkjertel).</td></tr>
<tr><td>Andel overvekt inkl. fedme hos fødande kvinner. KMI basert på høgde og vekt første svangerskapskontrl. (Kommunehelsa, Inndeling pr. 1.1.2024.)</td><td><table><tr><th>Tal i prosent</th><th>Sula</th><th>M&R</th><th>Noreg</th></tr><tr><td>2016-18</td><td>37</td><td>37</td><td>34</td></tr><tr><td>2017-19</td><td>40</td><td>38</td><td>35</td></tr><tr><td>2018-20</td><td>39</td><td>39</td><td>36</td></tr><tr><td>2019-21</td><td>41</td><td>41</td><td>37</td></tr><tr><td>2020-22</td><td>46</td><td>42</td><td>39</td></tr></table><br>Overvekt og fedme blant desse kvinnene er stigande i Sula, og høgare verdiar enn landet og fylket.</td></tr>
<tr><td>Veging og måling på 3. og 8. trinn, skuleåret 2019-20. Utrekna med Iso-KMI (Sula helsestasjon 2023).<br><br>Folkehelse-undersøkinga 2021</td><td>Sjå graf side 13.<br>8. trinn framleis 25 %<br>Ikkje tal for 3. trinn siste 2 åra.<br><br>19,7 % har fedme (KMI 30+), som er likt snittet for fylket.</td></tr>
<tr><td>Snusbruk<br><br>Del av elevane på ungdomstrinnet som snuser kvar dag eller veke (Ungdata 2024)<br><br>Folkehelse-undersøkinga 2021</td><td><table><tr><td>Sula 2015</td><td>4 %</td></tr><tr><td>Sula 2021</td><td>3 %</td></tr><tr><td>Sula 2024</td><td>5 %</td></tr><tr><td>M&R 2024</td><td>4 %</td></tr><tr><td>Noreg 2024</td><td>4 %</td></tr></table><br>13,4 % av vaksne brukar snus dagleg, som er 1 % over snittet for fylket.</td><td></td><td>Snusbruk aukar risikoen for fleire alvorlege og dødlege kreftformer. Snus kan ha negative effekter på bl.a. hjerte- og karsystemet, diabetes, unge sin hjerneutvikling og i svangerskapet. Snus kan gje skader i munn og tannkjøtt.</td></tr>
<tr><td>Røyking<br><br>Talet fødande som oppga at dei røkte ved første svangerskapskontroll i prosent av alle fødande. Gj.snitt av 5-årsperiodar. (Kommunehelsal)</td><td><table><tr><th></th><th>Sula</th><th>M&R</th><th>Noreg</th></tr><tr><td>2015-19</td><td>4,5</td><td>4,2</td><td>4,0</td></tr><tr><td>2016-20</td><td>3,6</td><td>3,3</td><td>3,4</td></tr><tr><td>2017-21</td><td>3,1</td><td>2,8</td><td>2,9</td></tr><tr><td>2018-22</td><td>*</td><td>2,4</td><td>2,4</td></tr></table>*Anonymisert eller skjult av andre årsaker/ ikkje tilgjengeleg<br>Tala frå Sula synk jamt med landet elles.</td><td></td><td>Røyking er den største risikofaktoren for tapte leveår i befolkningen (helsenorge.no).<br>All røyking medførar helserisiko. Ved tidlig død grunna røyking, dør dei hovedsakelig av kreft, hjerte- og karsjukdom eller lungesjukdom.</td></tr>
</table>

Del av elevane på ungdomstrinnet som røyker dagleg eller kvar veke (Ungdata 2024)

| | |
|---|---|
| Sula 2015 | 1 % |
| Sula 2021 | 4 % |
| Sula 2024 | 4 % |
| M&R 2024 | 3 % |
| Noreg 2024 | 3 % |

Folkehelse-undersøkinga 2021

8,2 % av vaksne røyker dagleg, på snitt med fylket.

| Status: Helserelatert åtferd | | Mogleg årsak | Mogleg konsekvens |
|---|---|---|---|
| Rus | | Endring i haldningar i samfunnet kan spele inn, både hos ungdomar og foreldre. Sosiale medier spreier informasjon i stor grad, og slik kan «verden blir midre» og tilgang på rusmidler større. | Gjentatt rusmiddelbruk kan føre til avhengigheit, som kan få alvorlege konsekvensar, helsemessig, sosialt og økonomisk. |

Del av elevane på ungdomsskulen som har vore rusa på alkohol siste året (Ungdata 2024)

| | |
|---|---|
| Sula 2015 | 5 % |
| Sula 2021 | 12 % |
| Sula 2024 | 12 % |
| M&R 2024 | 15 % |
| Noreg 2024 | 13 % |

Ikkje auke sidan sist underøksing, og vil ligg litt lågare enn fylket og landet.

**Prosentdel som aldri har smakt alkohol eller berre har smakt nokre få gonger. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn**




Del av elevane på ungdomsskulen som har fått <u>tilbod om</u> hasj/ marihuana siste året (Ungdata 2024)

| | |
|---|---|
| Sula 2015 | 6 % |
| Sula 2021 | 13 % |
| Sula 2024 | 20 % |
| M&R 2024 | 16 % |
| Noreg 2024 | 18 % |

Desse tala har auka for Sula, og ligg litt over fylket og landet.

Del av elevane på ungdomsskulen som har brukt hasj/ marihuana siste året (Ungdata 2024)

| | |
|---|---|
| Sula 2015 | 2% |
| Sula 2021 | 4 % |
| Sula 2024 | 5 % |
| M&R 2024 | 4 % |
| Noreg 2024 | 4 % |

Tala er forholdsvis stabile og likt fylket og landet.

Bibliotek

Sommarlesdeltakarar. Totalt tal på deltakarar i Sula og prosent andel av elevmassen i aldersgruppa 1.-7. trinn for Sula, fylket og landet. (Sommerles.no)

| | 2016 | 2018 | 2020 | 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Totalt | 109 | 319 | 329 | 398 |
| Sula | 13,6 | 34,7 | 29,5 | 35,4 |
| M&R | 14,2 | 28,7 | 22,6 | 32,1 |
| Noreg | 17,2 | 25,4 | 24,4 | 32,0 |

Sula har hatt ein fin auke, men deltakinga gjekk tilbake i 2022. Ein ligg likevel høgare enn både fylket og landet.

Mogleg årsak: Biblioteket sett ressurser inn for å stimulere til auka leselyst og lesekompetanse blant barn og unge, og Sommerles er eit viktig tiltak i så måte.

Mogleg konsekvens: Auka leselyst og lesekompetanse er viktig for barn sine moglegheiter til læring.

<table>
<tr>
<td>Utlånsstatistikk. Totalt utlån i Sula og utlån pr. innbyggjar i Sula, fylket og landet. (Bibliotekutvikling.no/ statistikk)</td>
<td>
<table>
<tr><th></th><th>2020</th><th>2021</th><th>2022</th></tr>
<tr><td>Totalt</td><td>20723</td><td>22515</td><td>22887</td></tr>
<tr><td>Sula</td><td>2,23</td><td>2,39</td><td>2,4</td></tr>
<tr><td>M&R</td><td>1,9</td><td>2,13</td><td>2,17</td></tr>
<tr><td>Noreg</td><td>2,11</td><td>2,33</td><td>2,37</td></tr>
</table>
Sula er no jamn med landet og høgre enn fylket og utlånstala viser ein svak stigning for både Sula, fylket og landet.
</td>
<td rowspan="2">Biblioteka har fått ei større rolle som møteplass dei seinare åra. Satsinga gir resultat, men er svært ressurs- og personalkrevande.</td>
<td rowspan="2">Biblioteket som lågterskeltilbod og eit gratis tilbod for alle kan ha ein utjamnande effekt og bidra til å forebygge utanforskap.</td>
</tr>
<tr>
<td>Arrangement. Totalt tal på arrangement i Sula, og arrangement frammøtte pr. 100 innb. i Sula, fylket og landet. (Bibliotekutvikling.no/ statistikk)</td>
<td>
<table>
<tr><th></th><th>2020</th><th>2021</th><th>2022</th></tr>
<tr><td>Totalt</td><td>29</td><td>45</td><td>60</td></tr>
<tr><td>Sula</td><td>7,12</td><td>13,49</td><td>27,37</td></tr>
<tr><td>M&R</td><td>8,17</td><td>20,14</td><td>21,51</td></tr>
<tr><td>Noreg</td><td>12,17</td><td>13,38</td><td>25,15</td></tr>
</table>
Sula bibliotek har hatt ei fin utvikling når det gjeld tilbod om arrangement, og har gradvis nærma seg fylkes- og landsgjennomsnittet, og ligg over dette i 2022.
</td>
</tr>
</table>

# Helsetilstand

Med helsetilstand meinar ein befolkninga si helse målt med ulike mål, til dømes risikofaktorar, førebyggbare sjukdomar, trivsel og meistringsressursar eller meir indirekte mål som sjukefråvær og liknande. (Helsedirektoratet)

## Hovudtrekk

- Sula kommune ligg lågare på dødelegheit av hjarte- og karsjukdommar i aldersgruppa 0-74 år, men har høgare dødelegheit på ulukker og kreft samanlikna med fylket og landet.
- Sula har fleire brukerar av primærhelsetenesta grunna muskel- og skjelettplagar enn landet
- Sula har fleire brukerar av primærhelsetenesta grunna psykiske symtom og lidingar enn landet, tala er aukande.
- Ungdata synar at 16 % av ungdomane har hatt mange psykiske plager siste veka, stabilt tal sidan 2021.
- Forventa auke i tal på personar som får demens
- Det legemeldte sjukefråværet for personar som bor i Sula ligg litt høgare enn landet og fylket.
- 32 % av ungdomane opplev mykje press på minst 2 område, t.d. utsjånad, skule/idrett eller sosiale medier.
- Del av befolkninga i Sula som vurderer eiga helse til å vere god/svært god er noko over snittet i fylket.

## Dødelegheit, tidleg død

Sula har lågare dødelegheit av hjarte- og karsjukdommar enn landet og fylket. Men ligg høgre på dødelegheit på ulukker og spesielt kreft.

Dødelegheit, tidleg død (B) − 0-74 år, per 100 000, standardisert, 2013-2022




Dødelighet, tidlig død (B, inndeling per 1.1.2020) − 0-74 år, per 100 000, standardisert




Kreft er klart største dødsårsaken i aldersgruppa. Medan ein har opplevd at talet på døde av hjarte- karsjukdomar har gått ned, har talet på døde av kreft vore stigande den siste tiårs-perioden. Tala på døde av kreft kan dei siste par åra sjå ut til å gå litt ned.

Tal på nye tilfeller av kreft for alle aldersgrupper i Sula har dei siste 10 åra ligge jamnt med fylket og landet, utan noko vesentleg auke eller nedgang. (Kommunehelsa)

**Primærhelsetenesta**, brukarar (inndeling per 1.1.2024) − kjønn samla, per 1000, standardisert, 0-74 år




*For muskel- og skjelettsymptomer og -diagnoser er kontakt med fysioterapeut og kiropraktor inkludert.
**2021-årgangen mangler pga. utilstrekkelig tallgrunnlag

Frå 2016 til 2022 så har Sula ein stigende trend på brukarar av primærhelsetenesta når det gjeld diangosegruppene muskel- og skjelett og psykiske symptom og lidelser, her ligg vi over både fylket og landet. Hjerte- og karsjukdomdiagnoser i Sula held seg stabilt denne perioden, men ligg litt høgre enn landet og fylket der desse tala har gått litt ned. (Kommunehelsa)

## Psykisk helse

**Psykisk helseteneste (PHT)** i Sula har 6 fulle stillingar; 4 psykisk sjukepleiarar, psykolog og avdelingsleiar. Tenesta har i fleire år hatt store utfordringar knytt til vekst (lokale tal). I 2016 ble det tilsett kommunepsykolog for første gang, men det har vore krevjande å rekruttere og behalde denne faggruppa.

Tal og alder på vaksne personar som er henvist til PHT i heile 2023 viser at at der flest personar mellom 17 og 44 år, og at det er fleire kvinner enn menn. Tal og alder på personar med teneste frå PHT i januar 2024 viser det same (lokale tal).




**Stress og press** (Ungdata 2024)
Ungdata-tala kan tyde på at spesielt jenter føler mykje press om å gjere det bra på skulen/ idrett og utsjånad, men i mindre grad på sosiale medium.




Del av jentene som kjenner på mykje press har auka i alle klassetrinn sidan 2021, mindre auke blant gutar.
Ungdom i Sula som opplev mykje press på minst to område er 32 %, fylket 26 % og landet 25 %.

## Utvikling av demens

I 2020 hadde 182 personar i Sula demens, det er 1,95 prosent av befolkninga. Berekningar synar at i 2050 vil 413 personar i Sula ha demens, noko som da vil vere 3,84 prosent av befolkninga på Sula.
(Demenskartet)



## Tannhelse

Prosentdel som aldri hatt hol (kariesfri) etter alder:

2018

| Alder | 3 | 5 | 12 | 18 |
|---|---|---|---|---|
| Sula | 100 | 85 | 52 | 18 |
| M&R | 94 | 83 | 52 | 21 |
| Noreg | - | 82 | 60 | 27 |

2023

| Alder | 3 | 5 | 12 | 18 |
|---|---|---|---|---|
| Sula | 94 | 85 | 64 | 21 |
| M&R | 95 | 85 | 59 | 26 |
| Noreg | 94 | 81 | 61 | 32 |

Det kan sjå ut som dei minste barna har hatt litt negativ utvikling i Sula, medan ungdomane har hatt ei meir positiv utvikling med tanke på kariesfrie tenner. Noko likt med land og fylke.
Tannhelse - Møre og Romsdal fylkeskommune (mrfylke.no)

Folkehelseundersøkinga 2021 viser at 75,2 % av dei vaksne opplev at tannhelsa er god/ svært god og dette er oversnittet i fylket.

## Helse generelt

Folkehelseundersøkinga 2021 viser at 73,6 % av dei vaksne i Sula vurderer eiga helse til å vere god/ svært god, noko som er over snittet i fylket.

Prosentdel av ungdomsskuleelevar som er nøgde med helsa si: (Ungdata 2024)

| | |
|---|---|
| Sula 2015 | 74 % |
| Sula 2021 | 70 % |
| Sula 2024 | 60 % |
| M&R 2024 | 63 % |
| Noreg 2024 | 67 % |

Ungdomane på Sula er litt mindre nøgd med helsa si samanlikna med fylket, landet og tidligare år.




<table>
<tr><th colspan="2">Status: Helsetilstand</th><th>Mogleg årsak</th><th>Mogleg konsekvens</th></tr>
<tr><td>Legemelde sjukefråvær, prosent per 1.kvartal. (NAV)</td><td><table><tr><th></th><th>2019</th><th>2021</th><th>2023</th></tr><tr><td>Sula totalt</td><td>6,9</td><td>7,3</td><td>8,3</td></tr><tr><td>Kvinner</td><td>8,9</td><td>9,3</td><td>10,6</td></tr><tr><td>Menn</td><td>5,1</td><td>5,5</td><td>6,2</td></tr><tr><td>M&R</td><td>6,6</td><td>7,3</td><td>7,6</td></tr><tr><td>Noreg</td><td>6,3</td><td>6,8</td><td>7,3</td></tr></table></td><td>Høgare tal i starten av pandemien og tala har holde seg høge etter pandemien, dette gjeld heile landet</td><td>Stor kostnad for samfunnet, og langtidssjukefraver kan ha negative konsekvensar for den einskilde.</td></tr>
<tr><td>Utvikling av demens, estimert utvikling i prosent.<br>(Demenskartet)</td><td><table><tr><th></th><th>Sula</th><th>Noreg</th></tr><tr><td>2020</td><td>1,95</td><td>1,88</td></tr><tr><td>2025</td><td>2,03</td><td>2,12</td></tr><tr><td>2030</td><td>2,28</td><td>2,48</td></tr><tr><td>2040</td><td>3,13</td><td>3,30</td></tr><tr><td>2050</td><td>3,84</td><td>3,99</td></tr></table></td><td>Andelen eldre aukar kraftig og dette gir seg utslag i at fleire vil få diagnosen demens.</td><td>Auka behov for helse-/ omsorgstenester og førebyggande meistringstiltak.</td></tr>
</table>

<table>
<tr><th colspan="2">Status: Helsetilstand</th><th>Mogleg årsak</th><th>Mogleg konsekvens</th></tr>
<tr><td>Muskel- og skjelettplager (Kommunehelsa)<br><br>Primærhelsetjenesten, brukere (inndeling per 1.1.2024) − kjønn samlet, per 1000, standardisert. 0-74år<br><br>*2021-årgangen mangler pga. utilstrekkelig tallgrunnlag</td><td><table><tr><th></th><th>Sula</th><th>M&R</th><th>Noreg</th></tr><tr><td>2016-18</td><td>338</td><td>345</td><td>319</td></tr><tr><td>2017-19</td><td>345</td><td>349</td><td>322</td></tr><tr><td>2018-20</td><td>348</td><td>345</td><td>318</td></tr><tr><td>2019-21*</td><td>349</td><td>344</td><td>316</td></tr><tr><td>2020-22*</td><td>356</td><td>341</td><td>313</td></tr></table><br>Sula ligg over landet og litt over fylket.</td><td>Faktorar som kan påverke:<br>-inaktivitet<br>- mangel på gode søvnrutinar<br>- kosthald<br>- stresshandtering /aktive valg/ eigne haldningar<br>-skjermbruk<br>-depresjon</td><td>Auka behov for rehabilitering/fysioterapi.<br>Auka sjukefråver og medikamentbruk, samt:<br>- dekondisjonert, redusert form, auka risiko for livsstilssjukdomar<br>- langvarige smerteplager<br>- sjukemelding<br>- depresjoner/ angst/ nedstemtheit<br>- overvekt</td></tr>
<tr><td>Psykisk helse<br><br>Psykiske symptom og lidingar: Primærhelsetjenesten, brukere (inndeling per 1.1.2024) − kjønn samlet, per 1000, standardisert. 0-74år<br>*2021-årgangen mangler pga. utilstrekkelig tallgrunnlag (Kommunehelsa, FHI)<br><br>Del av elevane på ungdomstrinnet som i løpet av siste veka har hatt mange psykiske plager.(Ungdata 2024)</td><td><table><tr><th>Samla</th><th>Sula</th><th>M&R</th><th>Noreg</th></tr><tr><td>2016-18</td><td>160</td><td>150</td><td>155</td></tr><tr><td>2017-19</td><td>162</td><td>154</td><td>158</td></tr><tr><td>2018-20</td><td>167</td><td>157</td><td>161</td></tr><tr><td>2019-21*</td><td>172</td><td>159</td><td>162</td></tr><tr><td>2020-22*</td><td>191</td><td>165</td><td>168</td></tr></table>Sula ligg litt over landet og fylket, spesielt 2020-2022.<br><br>Både gruppa av brukarar som har diagnosen psykiske symptom aukar og gruppa med psykiske lidingar.<br><br><table><tr><td>Sula 2015</td><td>10 %</td></tr><tr><td>Sula 2021</td><td>17 %</td></tr><tr><td>Sula 2024</td><td>16 %</td></tr><tr><td>M&R 2024</td><td>15 %</td></tr><tr><td>Noreg 2024</td><td>16 %</td></tr></table>Iflg. Ungdata er ungdom med psykiske plager liknande som sist undersøking og som fylket og landet.<br>Sula: Jenter 21 %, gutar 7 %.</td><td>Meir fokus på psykisk helse generelt i samfunnet, folk tar kontakt sjølv i større grad.<br>Lavere terskel for fastlege å henvise.<br>Kortere forløp /vanskeligere i få behandling i spesialist-helsetenensta.<br>Større forventninger til hjelp fra det offentlige.<br>Større krav til effektivisering i arbeidslivet?</td><td>Behov for tidleg innsats for å klare å snu utviklinga. Framleis ha ressursar til å hjelpe dei som har omfattande vanskar.<br>Ventelister grunna stor pågang.</td></tr>
</table>

# Skader og ulukker

Ulukker som førar til personskade er ei stor utfordring for folkehelsa. Personskader som følge av ulukker er nesten på same størrelse som kreft, målt i tapte leveår. Ulukker med personskader tar relativt mange unge liv, og er den største dødsårsaken for personar under 45 år. Mogelegheitane for å førebygge er gode og effektar av tiltak kan kome raskt. Oversikt over kvar og når ulukker inntreff osv. kan bedra til auka merksemd mot førebygging og eit meir treffsikkert tiltaksarbeid. (Helsedirektoratet).

## Hovudtrekk

- Dei siste 5 åra har det vore mellom 2 og 7 trafikkulukker årleg.
- Dei siste tala på hoftebrot er frå 2016 og der ligg vi på snitt med fylket og landet, fallskader og det ser ut for at hoftebrot er framleis ei utfordring i Sula.

## Trafikkulukker

Totalt tal trafikkulukker i Sula kommune i perioden februar 2014 – februar 2024.(SSB)

| | Ulykker | Drept | Hardt skadd | Lettare skadd |
|---|---|---|---|---|
| Totalt | 39 | 5 | 8 | 36 |

## Skader

Fallskader utgjer nesten halvparten av alle ulukkesdødsfall. Helsetapet knytt til fallskader er større enn helsetapet knytt til både kreft og hjarte- og karsykdommar. Særskilt eldre menneske vert ramma av fallulukker, ofte med brotskader som utfall.

Folkehelseundersøkinga 2021 har kartlagt sjølvrapporterte skader og 19,5 % har vore utsett for sjølvrapportert skade siste året, dette er høgre tal enn for fylket.

<table>
<tr><th colspan="2">Status: Skader og ulykker</th><th>Mogleg årsak</th><th>Mogleg konsekvens</th></tr>
<tr><td>Hoftebrot<br>Tilfelle pr. 1000 innb.<br>(Kommunehelsa)</td><td><table><tr><th></th><th>Sula</th><th>M&R</th><th>Noreg</th></tr><tr><td>2012</td><td>1,9</td><td>1,9</td><td>1,9</td></tr><tr><td>2014</td><td>1,8</td><td>1,8</td><td>1,8</td></tr><tr><td>2016</td><td>1,8</td><td>1,7</td><td>1,8</td></tr></table></td><td>Inaktivitet, fallfeller i heimen. Auka andel eldre kan gje fleire hoftebrot.</td><td>Nedsett funksjonsnivå og auka hjelpebehov</td></tr>
</table>

# Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

Ei rekke miljøtilhøve har effekt på helsa. Døme er drikkevasskvalitet, luftkvalitet, grad av støy, sykkelvegnett og kvalitetar ved nærmiljøet som tilgang til friområde, friluftsområde, osb. Sosialt miljø kan omfatte organisasjonsdeltaking, valdeltaking, kulturtilbod, sosiale møteplassar osv. (Helsdirektoratet)

## Hovudtrekk

- Dei fleste innbyggarane i Sula trivst i næmiljøet sitt
- Innbyggarane opplev at dei har god eller svært god tilgang til kystlinje/strand der dei bur
- Innbyggarane meiner at dei har god eller svært god tilgang til natur- og friluftsområde
- Halvparten av innbyggarane opplev at gang- og sykkelvegar er godt eller svært godt utbygd i sitt nærområde
- 1 av 3 synast at offentleg transport er lett tilgjengeleg
- Auka tal på skulking i ungdomsskulen, som i fylket og landet

## Folkehelseundersøkinga 2021: nærmiljø, transport og støy

Folkehelseunderøkinga 2021 viser at vi gjer det betre enn snittet for fylket på følgande:
73,2 % opplev stor grad av trivsel i nærmiljøet
92,7 % opplev at dei har god/ svært god tilgang til kystlinje/strand der dei bur.
95,5 % har god/ svært god tilgang til natur- og friluftsområde.
49,2 % opplev at gang- og sykkelvegar er godt/ svært godt utbygde i sitt nærområde.
52,3 % er saman med gode vener kvar veke eller oftare.
31 % synes at offentleg transport er lett tilgjengeleg.

9,7 % er plaga av støy frå trafikk heime, noko som er ein høgre andel enn fylket generelt.







## Resultat frå ungdataundersøkinga 2024

Når det gjeld livskvalitet seier 83 % at den er god, likt 2021, generelt er gutar meir tilfreds og meistrar meir enn jenter. Ca. 10 % har ikkje minst ein fortruleg ven, likt 2015 og 2021, same som Noreg. Gutar har meir vener på online spel, mens jenter oppgir at dei er meir einsamme enn gutar.16 % seier dei mangler penger til fritidsaktivitetar, ca same som 2021 og Noreg. 33 % har skulka skulen minst ein gong ila. året, i 2021 var det 23 %, i 2015 16 %. Tala for fylket og landet var rundt 30 %. 10 % gruer seg ofte til å gå på skulen.
77 % trur dei vil fullføre vidaregåande skule, noko som er færre enn fylket (82 %) og landet (85 %). Når det gjeld medium så brukar 75 % meir enn 3 timar kvar dag foran skjerm, som nok er ei naturleg auke frå tidligare, omtrent same som fylket 74 %, landet er på 71 %.
32 % søv 6 timar eller mindre og 42 % (fylket 29 %) oppgir at dei ikkje har problem med å sovne. 14 % oppgir at dei har stole frå butikk siste året, likt som 2021(Fylket og Noreg 11 %), 12 % oppgir at dei har gjort hærverk siste året, ein liten auke frå 2021 (Fylket 10 % og Noreg 9 %).

Sula gjennomførte i år **Ungdata junior** for første gong (5.-7. trinn på barneskulane). Kort oppsummert så oppgir dei aller fleste god livskvalitet, ca 9% kjenner seg ofte einsame, omtrent som landet (11 %). 36 % gruar seg ofte til å gå på skulen (Noreg 26 %). 82 % er med på faste fritidsaktivitetar, mot 77 % i Noreg. Samanlikna med landsgjennomsnittet så brukar desse barna i Sula litt meir skjermtid, dataspel og TV/seriar/youTube/sosiale medium

etter skulen. 26 % tar smertestillande mot hovudverk siste veka, Noreg 24 %. 51 % har sove dei anbefalte 9 timar eller meir, noko færre enn Noreg, 57 %. 12 % oppgir å ha blitt mobba kvar 14 dag eller oftare, likt som Noreg på 11 %.

### Drikkevatn
Sula kommune er tilknytt Ålesund kommunale vassverk. Kvaliteten på vatnet blir kontrollert kvar veke og dei siste åra har alle analyser tilfredsstilt dei strenge krava i drikkevannsforskrifta. Kvalitet på drikkevatn - Sula kommune

### Planprosesser som påverker mange
Tiltak som er under vurdering og utarbeiding kan få følgjer for grupper av mennesker og planprosessane kan vere belastande for desse. I tillegg kan planprosessar føre til konflikter på grunn av ueinigheiter knytt til planane. Ved planprosessar som påverkar mange er det viktig med gode konsekvensanalyser og ivaretaking av alle partar sine syn og innspel.

| **Status: Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø** | | **Mogleg årsak** | **Mogleg konsekvens** |
|---|---|---|---|
| Radon (2020) Maksimumsgrenseverdi for radon i bygg er 200 Bq/m3. Tiltaksgrensa er på 100 Bq/m3 (årsmiddelverdi). | Det er gjort målingar på kommunale bygg. gjennomsnittleg årsmiddelverdi ligg på mellom 20-70 Bq/m3. | Berggrunnen i Sula består av bergartar som inneheld lite radon. | |
| Nærmiljø/bumiljø | Alle arealplaner har føringar for leikeareal og arealdelen til kommuneplanen har i føresegnene ein leikeplassnorm. | | Sikrar ein minstestandard på leikeareal for heile kommunen. |

## Sosial skilnad i helse
Låginntekt er ein kjent risikofaktor for både psykisk og fysisk uhelse, i Sula ligg tal på personar og barn som lever i vedvarande låginntektsfamiliar noko lågare enn fylket og landet.
Det er tydelege koplingar mellom innvandrarar og barn som vekst opp i vedvarande låginntektshushaldningar. 12,6 prosent av befolkninga har innvandrarbakgrunn. I hovudsak er det arbeid som er den største innvandringsgrunnen. Kommunen har mangelfull kjennskap til innvandrarar sin helse og helseutfordringar, det er difor behov for auka fokus.
Arbeid kan i stor grad forhindre utanforskap, i Sula står 16,5 prosent av innbyggarar i yrkesaktiv alder utanfor arbeidslivet.

## Innbyggjarmedverknad
Ulike arrangement har blitt gjennomført den siste perioden med den hensikt å få innspel frå innbyggarane i Sula, nokre av dei er:

- Forslagsvegg Opplev Sula februar 2023
- Medverknadsverkstad Sula mai 2023 med mål om å styrke ungdomsmedverknad i kommunen
- Temakveld om Ungdata og Oversiktssemniar om rus 2021

Desse ligg på kommune si nettside: Korleis står det til med folkehelsa i Sula?

# Kjelder

Folkehelseinstituttet lagar årleg folkehelse- og oppvekstprofilar som er eit bidrag til kommunane sitt arbeid med oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar: Hent folkehelseprofil eller oppvekstprofil - FHI

Informasjonen elles i oversikta er forutan lokale tal, henta frå følgande kjelder:

Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) - Lovdata
Forskrift om oversikt over folkehelsen - Lovdata
Systematisk folkehelsearbeid - Helsedirektoratet
Ungdata 2024 PowerPoint-presentasjon (ungdata.no)
Ungdata Junior 2024 PowerPoint-presentasjon (ungdata.no)
Folkehelseundersøkinga 2021 - Møre og Romsdal fylkeskommune (mrfylke.no)
Statistisk sentralbyrå (ssb.no)
Kommunehelsa (fhi.no)
Elevundersøkelsen | udir.no
Kommunestatistikk: Sula kommune 2023: https://cdn.prod.website-files.com/63525b284b92272b8734edf3/6582d54b238923450eb62bb7_1531%20Sula.pdf
Statistikk - nav.no
Møre og Romsdal Idrettskrets (idrettsforbundet.no)
Stikk UT!
Om Sommerles.no – Sommerles.no
Bibliotekstatistikk | Bibliotekutvikling
DEMENSKARTET - Demenskartet
Tannhelse - Møre og Romsdal fylkeskommune (mrfylke.no)
Kvalitet på drikkevatn - Sula kommune

Kunnskapsgrunnlag for samfunnsplan
Handlingsplan Folkehelse i Sula kommune: Korleis står det til me d folkehelsa i Sula?